

Sykehuskirken, preste- og samtaletjenesten

KIRKEN

Sykehuskirken finner du i 1.etg. ved heisen i det gamle sykehusbygget. Fra Nye Haraldsplass finner du veien til kirken ved å ta heisen til 2. etg., gå over "broen" og ta heis eller trapp ned til 1. etg. Kirkerommet er alltid åpent, og du kan tenne et lys eller bare ha en stille stund for deg selv. Trenger du assistanse for å komme til kirken vil personalet eller frivillige følge deg dit.

Det er gudstjeneste med nattverd kl 11:00 de fleste søndager. Dersom du ønsker nattverd på rommet, sier du fra til personalet som formidler beskjed til presten.

SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon. Presten har selv sagt taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 2000. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

Hilsen sykehusprestene

Karl Hjelmeland , John Kristian Rolfsnes og Kristin Lødøen Hope



Haraldsplass
Diakonale sykehus

i Vil du ha mer informasjon eller trenger du å snakke med oss?

 Tlf: 922 07 527

 www.haraldsplass.no
Søk :prestetjenester

Søndagshilsen

24.07.2020

8. søndag i treenighetstiden



Det er for tiden ikke gudstjenester i Sykehuskirken på Haraldsplass!

Mange lokale kirker og kirkesamfunn har digitale gudstjeneste sendinger som kan streames på nett.

8. søndag i treenighetstiden 2020

Tekst: Matt 6, 19-24

Jesus seier:

19 Samla dykk ikkje skattar på jorda, der møll og makk øydelegg og tjuvar bryt seg inn og stel. 20 Men samla dykk skattar i himmelen, der verken møll eller makk øydelegg og tjuvar ikkje bryt seg inn og stel. 21 For der skatten din er, vil hjartet ditt òg vera.

22 Auget er kroppens lampe. Er auget ditt klårt, er det fordi kroppen er fylt av lys. 23 Men er auget ditt sjukt, er det fordi kroppen er fylt av mørker. Er no lyset i deg mørker, kor djupt blir ikkje mørkret då!

24 Ingen kan tena to herrar. Han vil hata den eine og elska den andre, eller halda seg til den eine og vanvørda den andre. De kan ikkje tena både Gud og Mammon.



shutterstock.com • 104347646

Verdifull skatt

Det er mange måtar å vere rik på. Når ein møter kriser og sorg i livet, får materielle verdiar lite å seie. Kven ville ikkje bytta ut den nye bilen eller hytta på fjellet, med god helse, vennskap eller kjærleik? Å gjere seg rik på jordisk gods, gjev kortvarig lykke. Som Arne Garborg sa for over hundre år sidan: *For pengar kan ein få alt, heiter det. – Nei, ein kan ikkje det.*

*Ein kan kjøpa seg mat, men ikkje mathug,
dropar, men ikkje helse,
mjuke senger, men ikkje svevn,
lærdom, men ikkje vit,
stas, men ikkje venleik,
glans, men ikkje hyggje,
moro, men ikkje glede,
kameratar, men ikkje venskap,
tenarar, men ikkje truskap,
gråe hår, men ikkje ære,
rolege dagar, men ikkje fred.*

Skalet av alle ting kan ein få for pengar. Men ikkje kjernen; den er ikkje for pengar fal.

Kjernen, det er kjærleik. Kjærleiken er gratis. Jo meir vi tar imot, jo meir vi gir, dess meir blir det av han!

Gud er kjærleik.

God søndag!

Kristin Løddøen Hope, sjukehusprest